

Kyrkja på Tromsøya – ei brekkstong for kong Hans' Sverige-politikk?

Sigrun Høgetveit Berg, UiT

Forholdet mellom konge og kyrkje – mellom kongemakt og kyrkjemakt – står sentralt i europeisk historie mellomalderen igjennom, og i nord får me eit innhaldsrikt døme på ulike sider ved dette forholdet gjennom striden om kallsretten til Tromsø-kyrkja på 1480-talet. Erkebiskop står mot konge, norske interesser står mot danske, og partane må til slutt trekkje inn paven i Roma for å få ei avgjerd. På 1400-talet var det nordlegaste Noreg mykje godt i erkebiskopens hender, og unionskongemakta var sjeldan å sjå. Var difor striden om Tromsø-kyrkja eit generelt uttrykk for ei kongemakt som på ny ønskte å engasjere seg sterkare i nordområda, eller kan det ha vore meir konkrete årsaker til at Tromsø-kallet kom på den politiske dagsordenen?

Kyrkjeleg autoritet i nord

For å få svar på det, må me først få på plass nokre av dei politiske og økonomiske rammene for 1400-talet. Nordre Fennoskandia, eller 'nordområda' som me gjerne forstår det som i dag, var i seinmellomalderen eit grenselaust område folkesett med ulike etniske og nasjonale grupperingar. 'Grenselaust' i den tydinga at det var fleire type grenser – delvis overlappande – og at statsgrensene ikkje var tydeleg trekte opp som i dag. I store område var det inga statsmakt som hadde suvereniteten åleine, og såleis var mesteparten av dagens nordlegaste Noreg – og Sverige, Finland og nordvestlege Russland – i seinmellomalderen eit område med kryssande økonomiske og politiske interesser. Men langs kysten var det inga overlapping når det kom til *kyrkjeleg* autoritet. Heilt sidan kyrkja i Vardø vart etablert av erkebiskop Jørund i 1307, dekte den norske katolske kyrkja så godt som heile den nordvestlege kystlina med Nidaros erkebispedøme.

I Noreg hadde både kyrkje- og kongemakt gradvis kome nordover frå 1000-talet, og i all hovudsak gjekk denne framrykkinga av sentralmaktene i tidleg og høg mellomalder føre seg hand i hand – det var ein felles innsats for å leggje nordområda under seg. Ikkje som eit klart, utmeisla program, men ein ser tydeleg korleis dei to aktørane nyt godt av kvarandres innsats, og at dei har felles interesse av å tryggje ei norsk busetjing og norske interessesfærar heilt i nord. Men etter svartedauden og gjennom seinmellomalderen, då den norske kongemakta kom i eit sørleg og søraustleg unionsfellesskap og siste rest av nordnorsk adel hadde døydd ut, var det dei ulike aktørane innanfor kyrkja som mykje godt opprettheldt både dei kyrkjelege og dei verdslege maktstrukturane. Dette er verd å merke seg, sidan dei fiske- og fangstrikke områda frå Lofoten og nordover på same tida i aukande grad vart økonomisk attraktive utover på 1400-talet, med stor tørrfiskproduksjon som førde til vekst i handel og eksport. Tørrfiskten la grunnen for ein økonomisk vekst som igjen førde til

folkeauke og innvandring sørfrå – med etablering av stadig nye permanente busetjingar nærare dei rike fiskeområda, som på ytterstida av Senja og nordover langs Finnmarkskysten.

I denne samanhengen må ein kunne spørja seg: Kor bevisst var kongemakta denne utviklinga? Var manglande statsmaktsinteresser i nord berre eit utslag av at kongane sat i Danmark og hadde langt fleire andre interesser – og ikkje minst utfordringar – å ta seg av i skjeringspunkta mellom svenske og ulike tyske utfordringar i aust og vest? Ja, til ein viss grad var det sjølv sagt det. Men det hadde også med kyrkja, og måten ho bygde seg sterkare på, å gjera.

I dei nye busetjingane langs kysten trong folk kyrkjelege tenester, og kyrkjebyggingsaktiviteten auka på i takt med folkeveksten. Ein skal ikkje sjå bort frå at denne etableringa av nye kyrkjer dels var initiert av kyrkjeorganisasjonen sjølv, og ikkje berre av befolkninga og/eller væreigaren. I alle fall kan dét vera tilfellet i område som Sør-Troms, der domkapittelet i Nidaros, altså erkebiskopens presteadministrasjon, hadde sterke interesser, og på Finnmarkskysten, der all kyrkjeleg aktivitet var direkte underlagt erkebiskopen.

Kyrkja på Tromsøya som kongeleg kapell

Men éi kyrkje veit me definitivt at kongemakta reiste, nemleg kyrkja på Tromsøya. Ho vart etablert av kongen rundt 1250, og i det vidare skal me diskutere korleis ho på ein eller annan måte kom i hendene på domkapittelet i Nidaros gjennom 1300- og tidleg 1400-talet, og korleis dette skiftet vart utgangspunktet for den førnemnde striden om kallsretten på 1480-talet.

I byte for å ikkje måtte reise på krosstog til det heilage landet, fekk Håkon IV Håkonsson av paven i 1241 løyve til å kjempe mot sine eigne naboheidningar i nord. Kriging med våpenmakt kom likevel ikkje Håkon til å bruke tid på – det vart ikkje noko krosstog austover på Nordkalotten – men Håkon tok i staden åndelege maktmiddel i bruk og bygde kyrkja på Tromsøya, helgenvigd til Maria og omtalt som at ho låg *iuxta paganos*, altså 'nært heidningane'. Av paven fekk han *ius patronatus*, altså patronatsretten, retten til å utnemne prest til kyrkja, og i 1308 blir kyrkja, som den einaste nord for Hordaland, av pave Clemens V nemnd som eitt av fjorten såkalla kongelege kapell. Desse var hovudsakleg sjølvstendig organiserte som eigne institusjonar utanfor den ordinære kyrkjestrukturen. Kongen sjølv fekk altså privilegiet til å utnemne prestane i kapella, og desse kongelege kapellgeistlege vart leidde av magisteren, som var prost ved Apostelkyrkja i Bergen. Dei kongelege kapella fekk store privilegium og jordeigedom av kongen, og magistraten fekk sete i riksrådet. I følgje Sverre Bagge var dei kapellgeistlege ein viktig årsak til at Håkon V Magnusson, i ein heilt annan grad enn sin danske og svenske kollega, på byrjinga av 1300-talet kunne byggje ut ein sterk administrasjon uavhengig av andre maktgrupperingar.

Men det tok ikkje lang tid før dei norske biskopane og kongen og presteskapet hans vart usamde om korleis dei skulle tolke dei pavelege privilegia, og kva slags type autoritet og makt som låg til kapellmagisteren. I følgje Lars Hamre var institusjonen likevel definitivt ein motpart til biskopane og spelte ei medverkande rolle i forminga av den norske statsadministrasjonen tidleg på 1300-talet. Men med kalmarunionskongane, som frå 1400-talet heldt hus i Danmark, fekk institusjonen mindre og mindre innflytelse, og dei kapellgeistlege var i andre halvdel av 1400-talet ingen reell utfordrar til dei norske biskopane si makt i erkeprovinsen. Biskopane hadde alle sete i riksrådet, saman med dei fremste verdslege lensherrane, eit riksråd som etter 1450 vart leidd av erkebiskopen. La oss difor sjå korleis den *ordinære* erkebispekyrkja utvikla seg i nord.

Kannikgjelda – grunnlaget for det sterke domkapittelet

I det store erkebispedømmet Nidaros, som strekte seg frå Møre til Finnmark, var det ikkje berre erkebiskopen sjølv som representerte kyrkjemakta; også domkapittelet hans hadde utover 1300- og 1400-talet utvikla seg til å bli ein rik og mektig institusjon. Ofte opererte dei saman med og på erkebispens vegner, medan andre gonger kom det til syne motstridande interesser mellom erkebiskopen og kannikane – altså domkapittelprestane. Særleg når det kom til økonomiske spørsmål, om kven som skulle få motta og disponere kva for type eigedom. Heile kyrkja, som andre store jordeigarar, vart kasta ut i ei djuptgåande krise etter svartedauden, når prisen på jord og leigeinntektene frå landskulda sokk dramatisk fordi det ikkje lenger var eit overskot av folk som kunne leige og drive jorda. I tillegg lei kyrkja av prestemangel. Allereie før svartedauden klaga biskopane på at det var stor mangel på kvalifiserte prestar, og det vart sjølv sagt ikkje betre etter – svært mange av dei måtte late livet i omsorg for og omgang med dei sjuke.

Dette tvinga kyrkja til nytenking og omorganisering. Kyrkja sin eigne kanoniske rett opna opp for at ein kunne slå saman eksisterande prestegjeld til såkalla *praebendae parociale*, og i det me kan kalle ein konsolideringsprosess vart mange av prestegjelda i erkebispedømmet etter svartedauden gjort om til større einingar som sorterte direkte under domkapittelet i Nidaros, som såkalla *kannikgjeld*. Det vil seia at ein kannik i kapittelet var titulær eller formell sokneprest til prestegjeldet og såleis fekk alle inntektene derifrå, som tiend og landskulda frå jorda kyrkja eigde, medan han hadde vikarprestar og kapellanar på fast løn som gjorde det daglege arbeidet ute i sjølve prestegjeldet. Alt etter kor interessert han var, reiste kanniken med jamne eller ujamne mellomrom ut til kannikgjeldet sitt, men dei primære pliktene hans var å opphalde seg ved domkyrkja og delta i drifta og messeholdet der. Mange av desse kannikgjelda nord i erkebispedømmet var store og gav gode inntekter, og dei var knytte fast til visse prelatur, altså visse stillingar, ved domkapittelet. Så når til dømes dekanen, leiaren for kapittelet og erkebispens nestsjef, eller lektoren døydde, så arva automatisk den som overtok stillinga i domkapittelet også det kannikgjeldet som var del av inntekta til den avdøde. Det

rikaste av desse kannikgjelda var Trondenes, som etterkvart vart dekanen sitt kannikgjeld, Lofoten tilhørde kapellane til domkyrkja og Vesterålen erkediakonen. Og Tromsø, som me skal sjå, var også vorte kannikgjeld på 1400-talet, og nettopp dét var ei av årsakene til konflikten som toppa seg på 1480-talet. For korleis hadde det kome dit? Korleis hadde domkapittelet fått hand om Tromsø-kyrkja, som i utgangspunktet hadde vore kongen sitt eige kapell?

Kyrkja på Tromsøya som kannikgjeld

Mariakyrkja i Tromsø var det einaste kongelege kapellet som var bygt i tre, og me kan gå ut frå at det på ingen måte var rikt dekorert eller utstyrt. Etter at me høyrer om kyrkja som kongeleg kapell i 1308, finn me ingen spor av kyrkja i dei skriftlege kjeldene før på 1400-talet. Prestegjeldet blir nemnt som "Trumpsar kirkiu sokn" i 1405, og i 1419 blir Tromsø lagt saman med hospitalet på Ilevollen som benefice – altså inntekt – til den ny-etablerte stillinga som dekan ved domkapittelet i Nidaros, og er såleis (seinast då) vorte eit kannikgjeld. (I 1430 fekk dekanen i staden Trondenes som sin benefice, men Tromsø heldt fram med å vera kannikgjeld for andre medlemmer i Nidaros-kapittelet.) Dette tyder altså på at Tromsø i løpet av hundreåret hadde vorte integrert i den ordinære kyrkjeorganisasjonen. Men var det gjort bevisst, eller hadde kunnskapen om at Tromsø var eit kongeleg kapell gått i gløymeboka etter svartedauden? Viss det skjedde i erkebiskop Vinald Henriksson si regjeringstid, ein gong mellom 1386 og 1402, er det lite truleg det var gløymt, for han var kongeleg kapellmagister frå 1378 fram til han vart erkebiskop i 1386, og skulle såleis hatt kunnskap om bakgrunnen til Mariakyrkja i Tromsø skulle ein tru. Men, då den nyutnemnde dekanen i Nidaros, Ivar Gunnarson, fekk Tromsø tillagt som benefice av paven i 1419, opplyste han paven om at Tromsø på den tida var *per laicos occupatur*, altså på *verdslege hender*. Han bad paven uttrykkjeleg om at dette ikkje måtte nemnast i det tildelingsbrevet han får, og at ingen skulle undersøkje noko meir om saka heller, for i følge Ivar fanst det ingen tilstrekkeleg rettskyndige på staden. Truleg har han altså visst at Tromsø eigentleg var kongen sitt, men truleg *også* visst at dette ikkje var så allment kjent, slik at han og domkapittelet kunne koma unna med det. Dette er likevel uråd for oss å veta sikkert, og det går an å framleis halde ein knapp på den litt mindre konspiratoriske teorien om at Tromsø var overdratt til den ordinære kyrkjeorganisasjonen på eitt eller anna vis, men at det på Ivar si tid rett og slett hadde vorte *uklårt* om når, kor, kor lenge og på kva slags vilkår dette var. Det kan rett og slett vera eit uttrykk for den tidlegare nemnde samanslåingsprosessen som gjekk føre seg etter svartedauden, og at også dei kapellgeistlege fusjonerte noko av eigeidomen sin med domkapittelet sin eigeidom, og såleis la grunnen for ei gradvis endring i statusen til kyrkja.

For – som me såg – den kongelege kapellinstitusjonen må gradvis ha vorte oppløyst gjennom seinmellomalderen. Samstundes rådde ei form for kaos etter svartedauden – ikkje berre var det prestemangel og inntektstap, men det må ha vorte uorden og rot i papir, eigeidomsheimlar og

innkrevjingsrutinar. Og sjølv om kanskje både eigedomsretten og patronatsretten til Tromsø-kyrkja har vore klår, så kan det ha kome til ei meir eller mindre bevisst overdraging av den praktiske drifta og forvaltinga av kyrkja, *frå* kongen *til* erkestolen og domkapittelet. Dette kan like gjerne ha vore uttrykk for eit meir eller mindre nødvendig samarbeid etter svartedauden, som det var uttrykk for ein kamp mellom aktørane der erkestolen såg sitt snitt til å få hand om ei rik kyrkje og eigedomane hennar.

Dei som har drøfta den tidlegaste historia til Tromsø-kyrkja, vektlegg ulike perspektiv på kvifor ho vart viktig – økonomiske så vel som statspolitiske og kyrkjepolitiske. Sume peikar på kongen sitt behov for å uttrykkje og manifestere statsmakt, særleg overfor Novgorod, medan andre meiner kapelletableringa først og fremst kom av kongen sitt behov for å ha lojale medarbeidarar i nord. Både kongen og erkebiskopen hadde felles mål om å spreie kristendomen, difor har fleire antyda at ho kan ha vore tiltenkt ei rolle som misjonskyrkje i eit religiøst grenseland, og sume peikar i den samanhengen på den skandinaviske og europeiske krosstogskonteksten Håkon Håkonsson var ein del av. Eller – var rett og slett kyrkja på Tromsøya bygd først og fremst for ei allereie etablert norsk befolkning som trong og ønskte kyrkjelege tenester? Sjølv om altså kongen var byggherre, kan dét ha vore like mykje i samforståing med erkebiskopen, som i strid med hans og den etablerte kyrkjeorganisasjonen sine interesser.

Men etablering på 1200-talet er éin ting, kvifor kyrkja vart (verande) ettertrakta utover i seinmellomalderen er delvis eitt anna. Som svar på dét spørsmålet, fører dei fleste til torgs den økonomiske attraktiviteten. Tromsø-kyrkja hadde etterkvart stort inntektspotensiale – som dei andre store kyrkjene i nord – grunna den blømande tørrfisknøringa og veksten i særleg tiendinntekter frå tørrfiskhandelen. Openbert var ho difor eit kall kannikane ved domkapittelet gjerne ville ha, men *korleis* ho kom i hendene på dei og i 1419 kunne bli benefice for det nyoppretta dekanatet, er for oss framleis uklart. Dét er likevel ikkje hovudspørsmålet i denne teksten, men det er viktig å ha med seg denne uklarheita når me skal gå vidare inn i striden om Tromsø-kyrkja på 1480-talet.

[Kong Hans leitar i gamle brev – men kvifor?](#)

For uklarheita kjem for ein dag etter 60 år. Etter tre år på trona, i 1486, presenterte han dei pavelege breva frå 1308 om dei kongelege kapella og gjer med det krav på *ius patronatus* til det rike kannikgjeldet Tromsø. Paven støttar Hans, og erkebiskop Gaute og hans "elskaligha capittuli" må gje etter og tilkjennege at kongen har rett til å rå over – og få inntektene frå – Tromsø-kyrkja. Men, samstundes krev dei at kyrkja skal ha ein "inlensk klerk, hulkin som bliffwa i retthe lydne wndher oss och wore efftherkommandhæ erckiebiscopa i Nidross". Og her er det viktig å halde dei kyrkjelege aktørane frå einannan: Det er *domkapittelet* som med dette mistar ein del av inntektene sine – altså kannikgjeldet Tromsø – men *erkebiskopen* er også oppteken av å sikre interessene sine, nemleg ved å

få ein lydige og innanlandsk, det vil seia norsk og ikkje dansk, sokneprest til kyrkja. Og sjølv om det moglegevis kan ha vore *samarbeid* på eitt eller anna plan mellom konge og kyrkje som i si tid gjorde at Tromsø hamna hjå erkebiskopen og domkapittelet, så har kongen si ”gjenvinning” i 1486 definitivt kome til etter ei usemje i saka – det kan me lesa av ordlyden i brevet:

”ath effther theim pawe breffwom som høgboeren fførstha och wor wyrdeligh herre herre Hans medh gudz nadh Norges och Danmark kunungh etc. loth nw fføre komma her i Berghena i hulkom theth bewisas ath hans nadhe bør haffwa jus patronatus till Trwms kirkiaæ”

På kva for måte kong Hans, eller etterkomarane hans Kristian 2. eller Fredrik 1., var i stand til å følgje opp gjenvinninga av Tromsø-kyrkja, er eit anna spørsmål. Tidleg på 1500-talet møter me igjen Tromsø som eit kannikgjeld – som den permanente beneficen til *erke diakonen* – han som var nummer to i rang i domkapittelet etter dekanen. Og i etterreformatoriske kjelder som *Trondhjems Reformats* frå 1589 og ei kongeleg forordning frå 1620, er Tromsø framleis eit kannikgjeld som domkapittelet sit med. Mykje tyder difor på at Tromsø *de facto* var på hendene til domkapittelet gjennom heile seinmellomalderen. Kvifor følgde ikkje Hans opp sigeren sin i 1486? Mista han interessa igjen, eller var erkebiskopen i praksis for sterk?

Me veit ikkje – men kanskje me må stille spørsmålet annleis. Ikkje om *kvifor* kongen ikkje var i stand til å følgje opp 1486-seieren, men heller om kvifor han i det heile teke tok opp kampen på 1480-talet?

Hans etterfølgde far sin, Kristian 1. og vart konge i Danmark i 1481 og i Noreg i 1483. Dei tre riksråda i Sverige, Danmark og Noreg prøvde i denne perioden å etablere kvar sine konstitusjonelt sterke riksråd med felles vald monark innanfor Kalmarunionen. Den svenske riksforsandaren Sten Sture den eldre, var likevel då Hans kom på trona mindre interessert i å forlenge unionen. Han hadde slått Kristian 1. i slaget ved Brunkeberg i 1471 og prøvde samle støtte for seg sjølv som sjølvstendig svensk regent. Men mykje av den svenske unionsvenlege adelen stod i mot han. På denne tida var det altså intern strid i Sverige mellom eit sjølvstendeparti som støtta Sture og eit unionsparti som grunna interskandinaviske slekts- og eigedomsinteresser ville halde på unionen. Etter at Hans vart vald i Danmark og Noreg – besegla med Halmstad-recessen frå 1. februar 1483 – måtte han altså konsentrere seg om å overtala svenskane til å velja han på dei vilkåra han aksepterte og få dei fullt og heilt inn att i unionen.

Hans sitt initiativ for å få attende sin *ius patronatus* over Tromsø var altså noko han gjorde relativt tidleg i styret sitt. Etableringa av dei kongelege kapella og dei kongelege kapellgeistlege hadde gjennom 1300- og 1400-talet gjeve kongen eit kompetent presteskap i viktige og framstående kyrkjer

og ein nyttig stab som han kunne rekruttere lojale medarbeidarar frå til administrasjonen sin. Og sjølv om kapellinstitusjonen i seg sjølv fekk stadig mindre innflytelse innanfor kyrkja og ikkje innebar nokon trussel mot det norske episkopatet, kunne dei kapellgeistlege vera veldig nyttige for unionskongen i posisjoneringa hans i høve til biskopane i riksrådet.

Dette må også vera noko av det erkebiskop Gaute frykta, då han innrømde at Hans har *ius patronatus* til Tromsø i brevet frå 1486. Han vil understreke kor viktig det er at presten i kyrkja må vera norsk og lojal til han og seinare erkebiskopar. Kalmarunionen var danskdominert, og kritikken i dei to andre rika mot denne dominansen og utnemninga av danskar til biskopar og lensherrar både i Noreg og Sverige, må ha vore eit uttrykk for politiske og økonomiske interesser, *konkrete* interesser som var knytt til nasjonalt sjølvstende.

Men bortsett frå denne generelle taugtrekkinga mellom erkebiskopen og kongen om innanlandske prestar og det openberre ynsket frå erkebiskopen om å ikkje bli utfordra av andre geistlege – kven som helst andre geistlege – kan me i tillegg spore ein konflikt mellom kongen og erkebiskopen knytt til interessesfærane i nordområda? Er det noko teikn til at Hans si "gjenerobring" av Tromsø-kyrkja er eit uttrykk for ny, kongeleg interesse i dei økonomisk innbringande områda – med store misjonsmarker – i Nordre Fennoskandia?

Ny interesse for nordområda – eller berre Sverige?

Nei, det ser ikkje slik ut. Det er ingen andre initiativ eller tilnærmingar frå kongen, som kan signalisere at han ynskte å utfordre maktbasisen til erkebiskopen og domkapittelet i Nidaros i dei norske interessesfærane i det høge nord. Var det såleis berre dei betydelege økonomiske inntektene som kyrkja i Tromsø genererte for den som sat med henne, som motiverte Hans? Mogeleg. Men ei tredje forklaring kan ha å gjera med Hans sitt ynske om å få Sverige attende til Kalmarunionen. Sjølv om kystlina nordover forbi Tromsø udiskutabelt var under norsk herredøme, hadde altså området lenger nord og aust uavklarte grenser mot Sverige – og Russland.

Inst i fjordane, på innlandet og på fjellet budde det primært samar – og det nomadiske levesettet til mange av desse gruppene gjorde det vanskeleg å definere kven sine undersåttar dei var, og såleis å etablere territoria som anten svenske eller norske. I dette biletet var Tromsø viktig. Ved å på nytt stadfeste direkte kontroll over det kongelege kapellet sitt, signaliserte Hans sitt nærvære og kongelege autoritet – både overfor nordmenn, svenskar og russarar. I 1493 inngjekk han ein allianse med russarane om den aust-finske grensa, noko som svekka Sten Sture. Og i 1497 vann han endeleg Sverige attende inn i Kalmarunionen. (Han fekk likevel aldri noko sterkt fotfeste i Sverige, og tapte dei igjen i 1501.)

Men han gjorde altså ikkje mykje meir ut av Tromsø-gjenvinninga i nord. Mogelegvis brydde han seg ikkje vidare seg om nordområda, men me kan kanskje også seia at han ikkje var i stand til å bry seg, i den forstand at han ikkje innsåg dei politiske moglegheitene som låg i dei økonomiske ressursane i nord. Utover i styret sitt styrkte og sentraliserte kong Hans den kongelege makta si på bekostning av riksrådet og den innfødde norske adelen. Dette gjorde det nødvendig med eit sterkt og nærverande styre i Noreg, difor plasserte han også sonen sin, Kristian (seinare den andre) som visekonge i Noreg frå 1506. Men heller ikkje dette styret strekte seg eigentleg så langt nord i Noreg. Og utan noko særleg adel å snakke om, kunne såleis dei lokale elitane, hansaen, borgarskapet i Bergen og kyrkja halde fram med å utvikle handelen, og erkebiskopen kunne meir eller mindre styre dei norske nordområda utfordra – som ein *kyrkjefyrste*.

Ein uutnytta moglegheit

Tromsø-episoden var med andre ord ein eingongsframstøyt, mogelegvis ei lita brikke i ein større plan om å få attende Sverige i unionen. Det var ikkje eigentleg ei ny kongeleg interesse for nordområda i riket, Hans var ikkje "the comeback king" i nord. I det store biletet tyder mykje på at det har vore ei slags forståing mellom kongemakt og kyrkjemakt, ei meir eller mindre bevisst oppfatning, om at dei norske – og danske – interessene i nordområda fekk kyrkja ta seg av på vegner av fellesskapet. Tromsø-episoden skipla ikkje dette. Men i etterpåklokskapens klåraste ljøs kan det vera eit poeng å peike at dette vart ein *uutnytta moglegheit* for kongen til å engasjere seg meir i dei riksrike nordområda. Så – frå hans synspunkt – *burde* han gjort noko annleis? Ja, kanskje. Det skulle i alle fall vore interessant og visst korleis 1500- og 1600-talet hadde sett ut, om den dansk-norske kongemakta tidlegare hadde fått eit avklart tilhøve til Sverige og Russland i nord, om korleis handelsverksemda skulle drivast, undersåttane skattleggjast og korleis samane skulle innlemmast i desse statsmaktene. Men *kunne* han ha gjort noko annleis? Truleg ikkje. Å gje seg i kast med utfordringar på endå ein flanke av riket ville vorte for mykje for kong Hans å stri med – hovudfokuset hans var trass alt Sverige.

Litteratur og kjelder

Bagge, Sverre: *Den kongelige kapellgeistlighet 1150–1319*. Bergen–Oslo–Tromsø: Universitetsforlaget 1976.

Berg, Sigrun Høgetveit: *Trondenes kannikgjeld – makt og rikdom gjennom seinmellomalder og reformasjon*. Ph.d.-avhandling i historie, UIT 2014.

Diplomatarium Norvegicum:

DN I-24, 1241

DN I-37, 1246

DN I-113, 1308

DN I-114, 1308
DN I-604, 1405
DN XVII-1025, 1435
DN XVII-738, 1486
DN I-950, 1486

Figenschow, Stefan: "Comparing the central authorities' expansion into North Norway and Finland during the Middle Ages" i Hansen, Holt og Imsen: *Nordens plass i middelalderens nye Europa. Samfunnsomdanning, sentralmakt og periferier*. Stamsund: Orkana akademisk 2011.

Hamre, Lars:

"Kapellgeistlighet", *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder VIII*. 1963.

"Kannikgjeld", *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder XXI*. 1977.

Lysaker, Trygve: *Nidaros erkebispestol og bispesete 1153–1953*. Bd 1: *Reformasjon og enevelde 1537–1804*. Nidaros domkirkes restaureringsarbeider, Trondheim, 1987.

Rasch, Per-Olav Brobach: ««En Levning af Pavedømmet». En undersøkelse av kannikgjeld som avlønning ved domkapitlet i Trondheim 1537–1740.» Masteroppgave i historie, NTNU 2014.

Regesta Norvegica:

RN IX-1348, 1419.

Sandmo, Anne-Karine, Reidar Bertelsen og Ragnhild Høgsæt: *Tromsø gjennom 10 000 år*. Bd 1: *Fra boplass til by – opp til 1794*. Tromsø kommune 1994.

Trædal, Vidar: *Kirkesteder og kirkebygninger i Troms og Finnmark før 1800*. Ph.d.-avhandling i kunsthistorie, UiT 2008.